

Sagstad Skulekorps er eit korps i stor musikalsk framgang og øker i forhold til antall medlemmar.

Dette gjer at vi har fått eit «luksus-problem», kor vi byrjar å bli tom for instrument på lager!

Det siste året har vi hatt stor rekruttering av nye musikantar. Vi har, for første gong på mange år, til og med aspirant frå Grasdal skule.

Vi har dei siste åra brukt mykje av våre ressursar på rekruttering av nye musikantar og opprusting av ein særslitt instrumentpark, både reparasjonar og innkjøp av nye instrument er gjort for å kunne behalde det gode tilbodet vi meiner Sagstad Skulekorps tilbyr barn og ungdom i Meland kommune.

Sagstad Skulekorps ynskjer å fortsette å drive aktiv rekruttering av nye medlemmar og ikkje minst gjera korpset så attraktivt som mogeleg – slik at musikantane beheld spegleda i mange år framover.

Korpset har framleis dermed behov for å kjøpa nye instrument. Mellom anna alt-saksofon, euphonium, kornett, klarinett og waldhorn.

Vårt mål er å ha full dekning på alle instrumentgrupper og fortsette den høge rekrutteringa vi har hatt den siste tida.

Og å kunne tilby alle våre musikantar gode instrumenter og god instruksjon!

Det er viktig for Meland som vekstkommune å ha eit alternativt tilbod til born og unge i alderen 8 – 18 år og me meiner at korpset er eit positivt og kreativt tilbod til nettopp denne aldersgruppa.